



UHped

Norsk nettverk for universitets- og høyskolepedagogikk

Referat frå årsmøtet 06.06.2023.

**Sak 1: Godkjenning av innkalling og sakliste med orientering
til dagsorden**

Sakliste og innkalling godkjent.

Sak 2: Valg av møteleder og møtereferent

Patric Wallin valgt til møteleder og Odd Rune Stalheim til møtereferent.

Signering av protokoll: Anne Kristin Rønsen og Ragnhild Sandvoll

Sak 3: Årsberetning for 2022-2023

Styreleiar Wallin gjekk gjennom hovudområda for styret sitt arbeid i året som har gått.

Sjå årsberetninga for utdjuping av dei enkelte områda.

Styret har arbeida vidare med innspel frå førre årsmøte i tillegg til andre satsingsområde. Styret har synleggjort nettverket på ulike måtar gjennom blant anna jamlege nettverkseminar og kronikk i Khrono. Nettsidene har auka aktivitet og er nyttig for å spreia informasjon om konferansar og stillingar til medlemmene. I tillegg har bokprosjektet vore eit av dei større satsingsområda det siste året.

Det er mykje aktivitet i feltet og Wallin reflekterte kort over korleis «landskapet» ser ut og om utfordringar og mogelegheiter nettverket må vera merksam på framover.

Sak 4: Regnskap for 2022

Sjå sakspapirer for budsjettposter og forbruk i 2022.

Styremedlem Husebø forklarte og kommenterte dei ulike postane i regnskapet for 2022.

Sak 5: UH-ped utviklingsprogram

Wallin informerte om erfaringar og vegen vidare for programmet. Programmet vart gjennomført 2021-2022 med 5 programleiarar. Attendemeldingane frå deltakarane og årsmøtet var positive og erfaringane tilseier at det er ynskjeleg å vidareføra programmet. Blant anna er det viktig å etablere og oppretthalda møteplassar for å skapa samarbeid i nettverket.

Sjå sakspapirer for utfyllande informasjon om erfaringane med programmet og tankar om mogelege endringar om programmet skal vidareførast.

Årsmøtet stiller seg bak styret sitt forslag til vedtak om vidareføring av programmet.

Sak 6: Uniped-tidsskrift

Styremedlem Isaksen og redaktør Solberg orienterte om arbeidet i og med tidsskriftet. Utfyllande informasjon om orienteringa er tilgjengeleg i sakspapira.

Sak 7: Arbeidsprogram for 2023-2024

Wallin gjekk kort gjennom dei 3 hovudområda for arbeidsprogrammet 2022-2023. Meir informasjon i årsberetninga.

Årsmøtet stiller seg bak arbeidsprogrammet for 2023-2024.

Sak 8: Orientering-bokprosjekt

Styremedlem Husebø informerte om prosessen med bokprosjektet. 15 kap. presentert på skrivseminaret, i tillegg til 7 andre kap. som av ulike årsker ikkje var tilstades. Boka er planlagt publisert våren 2024.

Sak 9: Fastsettelse av kontingent

Årsmøtet godkjente styret sitt forslag til vedtak.

Sak 10: Fastsettelse av honorar

Årsmøtet godkjente styrets forslag til vedtak.

Sak 11: Budsjett

Husebø informerte om budsjettet.

Årsmøtet godkjente revidert budsjettet.

Sak 12: Valg av styre og valgkomite

Styret 2022-23

Patric Wallin (NTNU) – leder 22-24
Inger Carin Erikson (BI) – nestleiar 22-24
Dag Husebø (UiS) 22-24
Odd Rune Stalheim (INN) 21-23 (på val)
Leila Ferguson (Kristiania) 21-23 (på val)
Robert Isaksen (UiT) 21-23 (på val)
Anna Mavroudi (UIO) 22-24

Valkomiteen er valgt for 2 år.

Valkomiteen har bestått av Dagrunn Engen, Anne Kristin Rønsen og Sigrid Gjøtterud

Valkomiteen sin leiar Dagrun Engen presenterte innstilling til nytt styre.

Valkomiteen sine kandidatar til nytt styremedlem er fylgjande:

Styret 2023-2024

Patric Wallin (NTNU) – leder
Inger Carin Erikson (BI)
Dag Husebø (UiS)
Odd Rune Stalheim (INN) 23-25
Leila Ferguson (Kristiania) 23-25
Robert Isaksen (UiT) 23-25
Anna Mavroudi (UIO)

Valkomiteen innstiller Patric Wallin som styreleiar: Vedtatt

Årsmøtet godkjente valkomiteens innstilling.

Styret sitt forslag til ny valkomite vart godkjent og består av Dagrun Engen, Fredrik Olsen og Fazilat Siddiq.

Referent,
Odd Rune Stalheim